



Vestland Fylkeskommune
Sandslihaugen 30
5254 SANDSLI

Trondheim, 01.06.2021

Dykkar ref.:
21S94896
Jorunn-Elisabeth Stavø

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2021/2595
21011233

Sakshandsamar:
Lise Kristin Svenning Jensen

Tilskot til - Steinhandtering i tunnelprosjektering med SteinLCA

Takk for søknaden frå 15.02.2021 med referansenummer 21S94896 om tilskot på kr 350 000. Vi har behandla søknaden og gir med dette eit tilskot på kr 350 000. Tilskotet blir utbetalt når de har rapportert i tråd med krava under. Tiltaket som får tilskot er "Steinhandtering i tunnelprosjektering med SteinLCA".

Grunngivinga for vedtaket er:

Vestland fylkeskommune søker om midlar til eit forprosjekt for å teste ut det nyutvikla digitale livssyklusanalyseverktøyet SteinLCA i arbeidet med masshandteringsplan for eit tunnelprosjekt. Det skal byggjast ny veg i tunnel for å løyse skredproblematikken på fylkesveg 49, Tokagjelet. Tunnelen vert nesten 10 kilometer lang, og vil gje store masseoverskot.

Det er framleis utgreiingsbehov knytt til tema med overskotsmassar. Ved å bruke verktøyet kan fylkeskommunen talfeste klimaeffekten av gjenbruk, omarbeiding og transport av stein i planprosessen for utbygging av tunnelen. Fylkeskommunen trekkjer fram at prosjektet kan bidra til å redusere barrierar for å ta i bruk verktøyet for nye aktørar gjennom å dele erfaringar.

Klimaeffekten av ulike alternativ for handtering av steinmasse er eit viktig grunnlag for avgjerder i det vidare planarbeidet i tunnelprosjektet. Ein felles metode for å måle og kartleggje klimaeffekten av massehandtering kan tydeleggjere klimagevinsten i planlegging- og anbudsprosessar.

Miljødirektoratet vurderer at potensialet for klimagassreduksjon ved prosjektet er stort på grunn av store volum av tunge materialar som stein, betong, asfalt og jord som skal flyttast på. Det gir stor klimagevinst dersom betydelege mengder massar kan brukast meir lokalt og behovet for transport reduserast. Det er og positivt i eit ressursperspektiv at massane kan gå til gjenbruk i staden for utvinning av nye massar. Prosjektet har formidlingspotensial ved at fylkeskommunen greier ut om korleis verktøyet konkret kan nyttast for å redusere klimagassutslepp i utbyggingsprosjektet Tokagjelet. Miljødirektoratet støttar søknaden.

Slik Miljødirektoratet forstår søknaden skal kommunen skaffe ein konsulent til arbeidet, og denne anskaffinga er ikkje starta.

Miljødirektoratet oppmodar fylkeskommunen om å ta kontakt med Oslo kommune Vann- og avløpsetaten som fekk tilsegn nr 20S803D0 i 2020 til eit prøveprosjekt "Bruk av verktøyet 'Kortreist stein' (SteinLCA)". Ta kontakt med sakshandsamar siri.aas-aune@vav.oslo.kommune.no i Oslo kommune for meir informasjon.

STØTTESUM OG VILKÅR

Støtta dekker inntil 50 prosent av kommunens kostnader ved forprosjektet, avgrensa til 350 000 kr.

For at forprosjektet skal gje best mogleg grunnlag for avgjerder som kan redusere utslepp av klimagassar bør fylkeskommunen så langt som mogleg beskrive klimaeffekten, rekna i tonn CO₂-ekvivalenter, ved ulike alternativ, og meirkostnader eller innsparingar knytt til alternativa.

Ferdig forprosjekt skal leverast som del av rapporteringa. Miljødirektoratet legg vanlegvis ut rapporten i prosjektlista på Miljødirektoratet.no.

Kommunen må nytte pengane i tråd med relevant regelverk, inkludert regelverket om offentlege innkjøp.

AKSEPT

Frist for å akseptere tilsegna er 1. september 2021. Svar på tilsegna i søknadssenteret.

RAPPORTERING OG UTBETALING

Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Det er mogleg å legge inn rapport så snart rekneskapen er klar, sjølv om dette er før rapporteringsfristen. Rettleiing til rapportering finn du på www.miljodirektoratet.no/klimasats.

Utbetaling skjer seinare på grunnlag av innsendte rapporter og bekrefta rekneskap.

KRAV TIL REKNESKAP

Rekneskapen skal vere stadfesta av økonomisjef/rekneskapsansvarleg.

Rekneskapen må vise tydeleg kva dei ulike delane av klimatiltaket har kosta. Meirverdiavgift skal vere spesifisert. Dersom kommunens egne arbeidstimar inngår som del av klimaprojektet skal det for kvar enkelt person førast opp timetal, timesats og namn på tilsett. Detaljerte timelister og fakturaer skal ikkje sendast inn til Miljødirektoratet, men kommunen må ha dette som underlagsdokument for rekneskapen. Kommunens eigen arbeidstid kan godskrivas med inntil kr 600 per time.

BAKGRUNN OM KLIMASATS

Miljødirektoratet fekk 331 søknader til tilskotsordninga "Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane" i februar 2021. Kommunar og fylkeskommunar har søkt om i overkant av 321 millionar

kroner. Det er sett av 100 millionar i statsbudsjettet for 2021. Dette betyr at fleire klimatiltak ikkje får støtte, og at enkelte får mindre enn søkt om. Formålet med ordninga er å bidra til reduksjon av klimagassar og omstilling til lågutsleppssamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i samsvar med tildelingskriteria og prioriteringskriteria.

Miljødirektoratet fekk om lag 10 søknader på til saman om lag 9 millionar kroner om tiltak innanfor avfall og deponi.

Les meir om Klimasats på miljodirektoratet.no/klimasats.

Lykke til med arbeidet!

Vi stiller følgande krav til rapportering:

Leveranse	Beskriving	Frist
Delrapport	Delrapport med resultat og erfaringar frå arbeidet så langt.	15.06.2022
Sluttrapport	Sluttrapport med resultat og erfaringar. Bekrefta rekneskap.	15.06.2023

Rapportering skjer i elektronisk søknadscenter.

Tilsegna er gyldig til 31.12.2023. Tilsegna fell bort, dersom de ikkje overheld rapporteringskrava.

Utbetalingsplan:

Dato	Beskriving	Beløp
202310	Utbetaling på grunnlag av innsendt rapport og bekrefta rekneskap	350 000

Gi oss straks beskjed, dersom føresetnadane for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller med omsyn til framdrifta).

Viktig å vite

Ver merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskotet er brukt i samsvar med føresetnadane. Ver også merksam på at vi heilt eller delvis kan krevje at du/de betaler tilbake tilskotet dersom midlane ikkje er brukte i tråd med føresetnadane, eller at føresetnadane fell bort.

Hugs å oppbevare rekneskapsvedlegg knytt til gjennomføringa av tiltaket i tråd med generelle reglar om oppbevaring av vedlegg i bokføringsloven.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend.

Herdis Laupsa
seksjonsleder

Lise Kristin Svenning Jensen
saksbehandler

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi:
Statsforvalteren i Vestland

sfvlpost@statsforvalteren.no